

Bømlo kommune

Dato: 16.09.2025

www.abo-ark.no

Avdeling Os

Hamnevegen 53,
PB. 291, 5203 Os
Tlf: 56 57 00 70
post@abo-ark.no

Avdeling Stord

Torgbakken 9
PB. 32, 5401 Stord
Tlf: 90 66 16 31
poststord@abo-ark.no

Søknad om endring etter forenkla prosess jf. pbl. §12-14
i reguleringsplan for bustad- og fritidsområde Tressvik, gnr. 14 bnr. 27 m.fl. (planID: 4613_201509)

Vedlagd fylgjer søknad om endring etter forenkla prosess jf. pbl. §12-14 i reguleringsplan for bustad- og fritidsområde Tressvik, gnr. 14 bnr. 27 m.fl. (planID: 4613_201509). Søknaden vert sendt på vegne av tiltakshavar Trond Jensen m.fl..

Endringa vart nabovarsla og send ut til offentlege høyringspartar 28.08.2025 med merknadsfrist 15.09.2025. Det har kome inn 3 stk. svar/uttalar frå offentlege høyringspartar i saka. Desse ligg vedlagd. Nedanfor følgjer ei oppsummering av uttalane og våre kommentarar.

Karmsund Hamn, 02.09.2025

Anbefaler at det vert lagt inn krav om etablering av redningsstige ved småbåtanlegget. Minnar om at alle tiltak som kan påvirke sikkerheita eller framkome i farvatnet krev særskilt løyve etter lov om hamner og farvatn av 21. juni 2019 §14.

Kommentar:

Teken til vitande. Kaien er kledd med tre i front i dag, med innfelte trinn. I tillegg er det fleire badebrygger ved eksisterande flytebrygge som gjer det mogleg å koma seg opp frå vatnet dersom ein fell uti på ein enkel måte.



Figur 1: Bilete som viser trefronten på eksisterande kai med innfelte trinn.

Ein ser difor ikkje behov for å legge inn krav til redningsstige ved småbåtanlegget.

Statsforvaltaren i Vestland, 04.09.2025

Har ikkje avgjerande merknader til endringa. Rår kommunen til å gjere grundige vurderingar av om det er kome nye føresetnader, anten nasjonale, regionale eller lokale, som bør innarbeidast i planen, for å hindre at planen vert utdatert med ny dato.

Kommentar:

Teken til vitande.

Vestland fylkeskommune, 11.09.2025

Skriv at dei ikkje har merknader i saka. Viser elles til deira fråsegn i samband med tidlegare høyring av gjeldande reguleringsplan.

Kommentar:

Teken til vitande

Revidert plankart og føresegnar ligg vedlagd. Endringane er vist med raud tekst i dei reviderte føresegnene som ligg vedlagd. Tekst som utgår er vist med blå skrift og strøke over. I tillegg har ein endra forsidebiletet.

På vegne av tiltakshavar ber vi om at søknaden vert handsama så snart som mogleg.

Med venleg helsing

ABO Plan & Arkitektur Stord AS

Kari Hilde Rommetveit

Vedlegg:

1. Søknad om endring etter forenkla prosess med vedlegg
2. Uttale frå Karmsund hamn
3. Uttale frå Statsforvaltaren i Vestland
4. Uttale frå Vestland fylkeskommune